

# På ferie hos bestemor

## På ferie hos bestemor

-  Violet Otieno
-  Catherine Groenewald
-  Espen Stranger-Johannessen
-  bokmål / nynorsk
-  nivå 4

(uten bilder)





Odongo og Apiyo bodde i byen med faren sin. De så fram til ferien. Ikke bare fordi skolen var slutt, men fordi de skulle besøke bestemoren sin. Hun bodde i en fiskerlandsby nær en stor innsjø.


• • •

Odongo og Apiyo budde i byen med far sin. Dei såg fram til ferien. Ikkje berre fordi skulen var slutt, men fordi dei skulle vitja bestemor si. Ho budde i ein fiskarlandsby nær ein stor innsjø.

Odongo og Apiyo var begeistret fordi det var på tide å besøke bestemor igjen. Kvelden før pakket de veskene sine og gjorde seg klare for den lange reisen til landsbyen hennes. De fikk ikke sove og de snakket hele natten om ferien.

...

Odongo og Apiyo var begeistra fordi det var på tide å vitja bestemor igjen. Kvelden før pakka dei veskene sine og gjorde seg klare for den lange reisa til landsbyen hennar. Dei fekk ikkje sova og dei snakka heile natta om ferien.



Tidlig neste morgen dro de til landsbyen i bilen til faren sin. De kjørte forbi fjell, ville dyr og teplantasjer. De telte biler og sang sanger.

...

Tidleg neste morgon drog dei til landsbyen i bilen til far sin. Dei køyrdde forbi fjell, ville dyr og teplantasjar. Dei talde bilar og song songar.



Etter en stund ble barna trøtte og sovnet.

...

Etter eit bel vart borna trøytt og sovna.

Faren vekket Odongo og Apiyo idet de ankom landsbyen. De fant Nyar-Kanyada, bestemoren sin, som hvilte på en matte under et tre. På luo betyr Nyar-Kanyada “datteren til Kanyada-folket.” Hun var en sterk og vakker kvinne.

• • •

Faren vekte Odongo og Apiyo i det dei kom til landsbyen. Dei fann Nyar-Kanyada, bestemor si, som kvilte på ei matte under eit tre. På luo tyder Nyar-Kanyada “dottera til Kanyada-folket.” Ho var ei sterk og ven kvinne.

Nya-Kanyada ønsket dem velkommen og danset rundt i rommet mens hun sang av glede. Barnebarna hennes var begeistret over å overrekke gavene de hadde tatt med fra byen. "Åpne min gave først", sa Odongo. "Nei, min gave først!" sa Apiyo.

...

Nya-Kanyada ynskte dei velkomen og dansa rundt i rommet medan ho song av glede. Barneborna hennar var begeistra over å overrekka gåvene dei hadde teke med frå byen. "Opne gåva mi først", sa Odongo. "Nei, gåva mi først!" sa Apiyo.



Etter at hun hadde åpnet gavene, velsignet Nyar-Kanyada barnebarna sine på tradisjonelt vis.

• • •

Etter at ho hadde opna gåvene, velsigna Nyar-Kanyada barneborna sine på tradisjonelt vis.



Så gikk Odongo og Apiyo ut. De jagde sommerfugler og fugler.

• • •

Så gjekk Odongo og Apiyo ut. Dei jaga sommarfuglar og fuglar.



De klatret i trær og plasket i vannet i innsjøen.

...

Dei klatra i tre og plaska i vatnet i innsjøen.



Da det ble mørkt, gikk de tilbake til huset for å spise middag. Før de ble ferdige med å spise begynte de å falle i søvn!

...

Då det vart mørkt, gjekk dei tilbake til huset for å eta middag. Før dei vart ferdige med å eta byrja dei å falla i søvn!



Dagen etter kjørte faren deres tilbake til byen og lot dem bli igjen hos Nyar-Kanyada.

• • •

Dagen etter køyrdde far deira tilbake til byen og lét dei vera igjen hos Nyar-Kanyada.



Odongo og Apiyo hjalp bestemoren sin med gjøremålene i huset. De hentet vann og ved. De samlet egg fra hønene og plukket grønnsaker fra kjøkkenhagen.

...

Odongo og Apiyo hjelpte bestemor si med gjeremåla i huset. Dei henta vatn og ved. Dei samla egg frå hønene og plukka grønsaker frå kjøkkenhagen.



Nyar-Kanyada lærte barnebarna sine hvordan de skulle lage myk ugali for å spise sammen med en gryterett. Hun viste dem hvordan de skulle lage kokosris for å spise sammen med grillet fisk.

• • •

Nyar-Kanyada lærde barneborna sine korleis dei skulle laga mjuk ugali for å eta saman med ein gryterett. Ho viste dei korleis dei skulle laga kokosris for å eta saman med grilla fisk.

En morgen tok Odongo kuene til bestemoren sin ut for å beite. De løp inn på gården til en nabo. Bonden ble sint på Odongo. Han truet med å beholde kuene siden de spiste avlingen hans. Etter den dagen sørget gutten for at kuene ikke skapte trøbbel igjen.

...

Ein morgon tok Odongo kyrne til bestemor si ut for å beita. Dei sprang inn på garden til ein nabo. Bonden vart sint på Odongo. Han truga med å halda på kyrne sidan dei åt avlinga hans. Etter den dagen sørgde guten for at kyrne ikkje skapte trøbbel igjen.

En annen dag dro barna til markedspllassen sammen med Nyar-Kanyada. Hun hadde en bod der hun solgte grønnsaker, sukker og såpe. Apiyo likte å fortelle kundene prisen på varene. Odongo pakket varene som kundene kjøpte.

...

Ein annan dag drog borna til marknadspllassen saman med Nyar-Kanyada. Ho hadde ei bu der ho selde grønsaker, sukker og såpe. Apiyo likte å fortelja kundane prisen på varene. Odongo pakka varene som kundane kjøpte.



Da dagen var omme, drakk de krydret te sammen. De hjalp bestemor med å telle pengene hun hadde tjent.

• • •

Då dagen var omme, drakk dei krydra te saman. Dei hjelpte bestemor med å telja pengane ho hadde tent.



Men snart var ferien over og barna måtte dra tilbake til byen. Nyar-Kanyada ga Odongo en skyggelue og Apiyo en genser. Hun pakket mat for reisen deres.

...

Men snart var ferien over og borna måtte dra tilbake til byen. Nyar-Kanyada gav Odongo ei skuggelue og Apiyo ein genser. Ho pakka mat for reisa deira.

Da faren deres kom for å hente dem, ville de ikke dra.  
Barna tryglet Nyar-Kanyada om å bli med dem til byen.  
Hun smilte og sa: "Jeg er for gammel for byen. Jeg skal  
vente på at dere kommer tilbake til landsbyen min."

• • •

Då far deira kom for å henta dei, ville dei ikkje dra. Borna  
trygla Nyar-Kanyada om å verta med dei til byen. Ho  
smilte og sa: "Eg er for gammal for byen. Eg skal venta  
på at de kjem tilbake til landsbyen min."



Odongo og Apiyo klemte henne hardt og tok farvel.

...

Odongo og Apiyo klemde henne hardt og tok farvel.

Da Odongo og Apiyo dro tilbake til skolen, fortalte de vennene sine om livet på landet. Noen barn syntes at livet i byen var godt. Andre syntes at landet var bedre. Men viktigst av alt var at alle var enige i at Odongo og Apiyo hadde en fantastisk bestemor!

...

Då Odongo og Apiyo drog tilbake til skulen, fortalte dei venene sine om livet på landet. Nokre born syntest at livet i byen var godt. Andre syntest at landet var betre. Men viktigast av alt var at alle var samde i at Odongo og Apiyo hadde ei fantastisk bestemor!



# Barnebøker for Norge

[barneboker.no](http://barneboker.no)

På ferie hos bestemor

På ferie hos bestemor

Skrevet av: Violet Otieno

Illustrert av: Catherine Groenewald

Oversatt av: Espen Stranger-Johannessen (nb), Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad Sand (nn)

Denne fortellingen kommer fra African Storybook ([africanstorybook.org](http://africanstorybook.org)) og er videreforsmidt av Barnebøker for Norge ([barneboker.no](http://barneboker.no)), som tilbyr barnebøker på mange språk som snakkes i Norge.

Dette verket er lisensiert under en Creative Commons  
[Navngivelse 4.0 Internasjonal Lisens](#).